

Årsmelding 2016



Årsmeldinga for 2016 vert lagt fram av rådmannen, og er først og fremst ei melding til kommunestyret om drifta i 2016.





Jarle Landås


Radøy kommune har i 2016 fortsett på eit godt spor med nøktern drift, god økonomistyring og generelt gode tenester. Økonomisk resultat er det beste nokon gong og dette er svært gledeleg. Mykje av overskotet kan relaterast til høgare inntekter enn budsjettert, men det skal framhevast at det har vore god økonomistyring som gjer at vi ville levert overskot sjølv utan auka inntekter. Gode medarbeidarar er årsaka til dette. Det økonomiske resultatet er ekstraordinært og er ikkje eit bilete på at vi får meir pengar å rutte med i Radøy kommune framover. Dette er ein viktig bodskap til innbyggjarar, tilsette og politikarar.

Vi har jobba med ei klarare prosjektorganisering, noko som er viktig i styringa av innhald og økonomi i investeringsprosjekta. Posten «mindre investeringar» har vore svært viktig for å kunne ta naudsynte og ikkje forutseielege kostnader som oppstår. Som for eksempel kan nemnast varmpumpe som går i stykker i løpet av året, og som ikkje er særskilt budsjettert. Dessutan har posten vore nyttig for å kunne ta raske avgjerder om naudsynte eller nyttige investeringar relatert til vedtekne investeringsprosjekt.

Arbeid med å redusere sjukefråværet har vore ei prioritert oppgåve og det har vore sett i verk ulike tiltak. Sjukefråværet har vore i betring gjennom 2016, men vi ser at fråværet svingar ganske mykje.

Toppleiinga vart endra på slutten av året med ny kommunalsjef for helse og omsorg. Dette medførte at vi no har total kjønnsbalanse i toppleiinga med to kvinnelege kommunalsjefar, ein mannleg kommunalsjef og mannleg rådmann.

Netto driftsresultat



Diagrammet syner netto driftsresultat dei siste åra. Den heiltrekne lina syner resultatet om ein ser på «rein drift», dvs korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond. Slik korrigering er berre gjort frå 2014. For tidlegare år måtte ein også ha korrigert for mva-kompensasjon frå investeringar for å få tal som kan samanliknast.

Grunnlagsdokument for tilsette i Radøy

Saman				
Medverknad	Felles forståing	Tenkje og bidra ut over eigen sektor	Felles mål	Framsnakking
Sjå til radøy				
Løysingsorientert	Engasjert og stolt	Tar og gir ansvar	Nøktern	Positivt samspel
Tryggleik		Trivsel		Livskvalitet
Kompetent organisasjon Tydeleg respektfull kommunikasjon God beredskap God infrastruktur Forsvarlege tenester		Fellesskap God folkehelse Godt humør Gode fritidstilbod Tilpassa tenester		Tryggleik Trivsel Tilhøyrsløse Ivaretaking av behov i alle livsfasar Fleksible tenester
Verdiar				
Open og inkluderande	Tydeleg og lærande	Ansvarleg og lojal	Ærleg og omsorgsfull	... basert på tillit og respekt
Sjå det moglege i situasjonen				



I rekneskapsdokumentet for 2016 finn ein detaljert informasjon om rekneskapsen for 2016. I årsmeldinga vert det lagt fram ein del tal og vurderingar som eit supplement til årsrekneskapsen.

I budsjettvedtaket for 2016 har kommunestyret løyvd midlar til drift av dei kommunale tenestetilbodane, jf skjema 1A og 1B i rekneskapsdokumentet. Løyvingane er gitt som ei netto ramme for kvar sektor, som igjen er delt i ei rekkje tenesteområde. Dette betyr at ein leiar for eit tenesteområde kan utvida driftsomfanget, dersom utvidinga blir dekkja av auka inntekter på same område. Tala som går fram av driftsrekneskapsen på denne sida kan såleis avvika frå budsjettet, utan at budsjetttrammene av den grunn er overskridne. Det vert difor i liten grad lagt vekt på budsjettavvik i høve til den samla driftsrekneskapsen.

Brutto driftsresultat er positivt i 2016, med ca 9,1 mill. Brutto driftsresultat er enkelt sagt driftsinntekter minus driftsutgifter.

Netto driftsresultat er på ca 15,6 mill. eller 3,86% av sum driftsinntekter. Korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond, er netto driftsresultat 3,24% eller 13,1 mill. Dette er det beste netto driftsresultatet Radøy kommune nokon gong har hatt. Samanlikna med budsjett vart netto, korrigert driftsresultat om lag 9,9 mill betre. Det er fleire årsaker til det gode resultatet. Sum inntektsutjamning og skatteinnangang vart om lag 4,3 mill betre enn budsjett. Integreringstilskotet vart ca 2,4 mill høgare enn føreset, som følgje av mottak av fleire flyktningar enn føreset. Mange av desse kom seint i året, men løyser likevel ut fullt tilskot for 2016. Kommunestyret bør ta omsyn til dette ved disponering av årsresultatet. Det reine vertskommunetilskotet til asylmottaket på Radøytunet vart om lag 0,8 mill, og var ikkje budsjettert. I tillegg fekk kommunen tilskot til m.a. barnehage som følgje av asylmottaket.


Dei «frie» inntektene har såleis vore om lag 7,5 mill høgare enn budsjett. I tillegg har netto drift, jf skjema 1B, vore om lag 2,4 mill lågare enn budsjettert. Samla sett forklarar dette resultatforbetringa iht budsjettet.

Driftsrekneskapsen	2016	B 2016	2015
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	(16 455)	(15 614)	(17 617)
Andre sals- og leigeinntekter	(30 086)	(28 237)	(30 619)
Overføringar med krav til motyting	(56 783)	(35 354)	(63 248)
Rammetilskot frå staten	(159 141)	(159 315)	(150 216)
Andre statlege overføringar	(14 687)	(10 322)	(8 714)
Andre overføringar	(53)	-	(1 987)
Skatt på inntekt og formue	(115 873)	(111 386)	(111 389)
Eigedomsskatt	(12 426)	(12 331)	(11 799)
Sum driftsinntekter	(405 504)	(372 559)	(395 589)
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	226 719	215 451	221 294
Sosiale utgifter	60 545	62 417	60 749
Kjøp som inng. i komm. prod.	48 458	42 470	45 546
Kjøp som erstattar eigen prod.	25 727	24 097	25 167
Overføringar	22 495	18 540	23 813
Avskrivningar	14 805	13 500	14 829
Fordelte utgifter	(2 348)	(3 160)	(2 616)
Sum driftsutgifter	396 401	373 315	388 782
Brutto driftsresultat	(9 103)	756	(6 807)
Renteinntekter, utbytte mv	(5 488)	(4 327)	(4 783)
Rentekostnader og avdrag	13 755	13 817	14 040
Motpost avskrivningar	(14 805)	(13 500)	(14 829)
Netto driftsresultat	(15 641)	(3 254)	(12 379)
Netto avsetningar og overf til inv.	2 469	(616)	9 122
Meir (mindre)forbruk	(13 172)	(3 870)	(3 257)
(tal i heile tusen)			



Diagrammet nedanfor for syner utviklinga i folketal, fordelt på ulike aldersgrupper, for kvart av dei siste fem åra. Samla sett har folketalet auka frå 4.952 pr 1.1.2012 til 5.077 pr 1.1.2016. Auken er om lag på nivå med utviklinga for heile landet. Dei fleste aldersgruppene syner auke. Grappa 16-66 har hatt størst auke, men med 2015 som eit kraftig unntak. Aldersgruppa 67-79 har auka alle år, medan gruppa over 90 blir stadig mindre. Folketalsutviklinga og fordelinga på ulike aldersgrupper er avgjerande for storleiken på det statlege rammetilskotet til kommunen.

Endring i folketal pr aldersgruppe



Rådmannen er særns nøgd med resultatet for 2016. Nøktern drift i alle ledd og god økonomistyring, mellom anna gjennom månadleg rapportering frå alle leiarar, gjer at ein har halde kostnadsnivået sjølv om inntektene har auka.

Brukarbetalingar vert fullt ut generert av dei ulike tenesteområda, og omfattar først og fremst foreldrebetaling i barnehage og SFO og betaling for institusjonsopphald. Inntektene syner ein reduksjon samanlikna med 2015. Reduksjonen kjem først og

drempengar er redusert med om lag 1,7 mill samanlikna med 2015. Sjå diagram for sjukefråvere nedst på side 6, med tilhørande kommentarar.

Rammetilskot og skatt må sjåast i samanheng. Skatteinngangen for Radøy kommune i 2016 synte ein auke samanlikna med 2015 på om lag 4%. I budsjettet var det lagt opp til tilnærma nullvekst, noko som såg ut til å stemma fram til august. Men skatteinngangen dei siste fire månadene fekk eit kraftig oppsving, og året enda altså med 4% auke samanlikna med 2015. Inntektsutjamninga vart om lag som

Integreringstilskotet auka med om lag 4,1 mill samanlikna 2015 og 2,3 mill iht budsjett.

Eigedomsskatten syner ein auke på 5,3 %, eller ca kr 400.000 samanlikna med 2015. Auken skriv seg i all hovudsak frå 420kV-kraftlina Mongstad - Kollsnes.

Dei samla driftsinntektene i 2016 vart 405,5 mill, ein auke på 2,5% frå 2015.


Lønsutgiftene syner ein vekst på 2,5% samanlikna med 2015, men korrigert for sjukelønsrefusjon er veksten 3,46%. Dette er høgare enn den generelle lønsveksten i 2016, og syner at det samla aktivitetsnivået har auka litt samanlikna med 2015. Dette skuldast først og fremst auka aktivitet i barnehage og heimebaserte tenester.

Samla driftsutgifter utanom løn og sosiale kostnader har auka frå 2015 til 2016. Diagrammet til høgre nedst på side 4 syner korleis driftsutgiftene og driftsinntektene har variert i ulik grad dei siste åra. I 2015 var auken i inntekter særleg stor grunna særskilt tilskot til breibandsutbygging. Veksten har gått monaleg ned i 2016, men inntektene aukar likevel litt meir enn kostnadene.

Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen syner ein auke på 6,4% samanlikna med 2015. Dette skuldast m.a. auka vedlikehaldskostnader som følgje av statlege ekstramidlar til vedlikehald.

Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon syner ein auke på 2,2% samanlikna med 2015. Dette

Driftsinntekter



fremst frå vederlagsbetaling i institusjon.


Sals- og leigeinntekter er også inntekter som vert generert på kvart tenesteområde, til dømes vass- og avløpsgebyr, leigeinntekter kommunale bustader, gebyrinntekter innan teknisk forvaltning og andre leigeinntekter, td. i Radøyhallen. Inntektene syner ein reduksjon på ca 1,7% samanlikna med 2015. Reduserte gebyrinntekter på fleire av sjølvkostområda forklarar mykje av avviket.

Overføringar med krav til motyting vert også i stor grad generert på tenestenivå. I denne posten ligg mellom anna sjukelønsrefusjon, mva-kompensasjon og refusjon ressurskrevjande tenester, i tillegg til ein del andre offentlege refusjonar, m.a. innan barnevernet. Her ser vi betydeleg reduksjon samanlikna med 2015. Dette har samanheng med særleg store refusjonar i 2015, ma. knytt til breibandsutbygging. Sjukelønsrefusjon og refusjon forel-

budsjettert, grunna god skatteinngang på landsplan. Dermed vart det netto meirinntekt på 4,3 mill.

Andre statlege overføringar gjeld ma. integreringstilskot til flyktningar og ulike rentekompensasjonar.

Høvesvis endring driftsinntekter og - utgifter frå året før



svarar om lag til normal prisvekst. Ein stor del av desse kostnadene gjeld interkommunale tiltak og andre overføringar til kommunar.

Posten **overføringar med krav til motyting** har gått ned i 2016 samanlikna med 2015. Dette skuldast m.a. at det i 2015 vart overført spelemidlar til idrettsanlegg. Samla utbetalt stønad til livsopphald er om lag uendra frå 2015 til 2016.

Posten **fordelte utgifter** syner negativ verdi. Dette gjeld inntekter som er fakturert internt i kommunen, og som samla sett har nullverknad på kommunerekneskapan.

Finanspostane er renteinntekter, utbytte, rente- og avdragskostnader. Auka renteinntekter og aksjeutbytte forklarar auken på om lag 0,5 mill. Likviditeten har vore god gjennom året. Dette gjer at renteinntektene har vorte noko høgare enn ein kunne rekna med. Radøy kommune har i 2016 bankavtale med Sparebanken Vest, og alle innskotskonti har fast rentetilknyping til NIBOR.


Låge renter gjennom året gjer at rentekostnadene har halde seg på eit «behageleg» nivå. Ein del av lånegjelda har fast rente. Nærare detaljar kring dette finst i rekneskapsdokumentet, note 16.

Avdragskostnaden er berre svakt auka frå 2015, og utgjer om lag 8,3 mill. Frå 2014 vert det rekna ut ei eksakt vektning av avskrivningstid på alle anleggsmidlar, og dermed eit nøyaktig minsteavdrag etter lova. Fylkesmannen i Hordaland plar leggja til grunn at avdraga skal vera 3,5% av gjelda, noko som tilsvarar om lag kr 8.370.000. Vi er såleis tett på også Fylkesmannen sitt tilrådde nivå.


Mindreforbruk frå 2015 er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak sett av til disposisjonsfond. Pr 31.12.2016 er **disposisjonsfondet** fordelt slik:

Nærings- og infrastruktur	2.883.401
Fritids- og avlastingstilbod	250.000
Ungdomskommune	64.149
Nynorskrpris	100.000
Fritt disposisjonsfond	1.006.000
SUM	4.304.205

Netto lånegjeld pr innbyggjar



Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Netto lånegjeld pr innbyggjar har auka også i 2016, og tidsserien syner at lånegjelda pr innbyggjar har dobla seg på 10 år. Netto lånegjeld i høve til brutto driftsinntekter har auka svakt frå


2015. Men kommunen ligg lågare enn kommunegruppa både på lånegjeld pr innbyggjar og i % av brutto driftsinntekter. Dette er teikn på at gjeldsnivået er akseptabelt.

Kommunestyret har ikkje gjort noko vedtak om disponering av mindreforbruk som skriv seg frå 2016, og mindreforbruket i 2016 er difor udisponert i balansen pr 31.12.2016.


Kostra-data i dette dokumentet er henta frå publiseringa 15.03.2017. Kommunane Sveio, Osterøy, Vågsøy og Gloppen er kommunar på Vestlandet, som Radøy i rimeleg grad kan samanliknast med. Utvalet av kommunar er gjort i samråd med Fylkesmannen i Hordaland. Osterøy manglar førebels rekneskapsdata. Tabellane vil bli oppdaterte når endelege Kostra-data vert tilgjengelege.

Netto driftsutgifter på tenesteområda

Diagrammet syner kvart tenesteområde sin prosentvise del av kommunen sine totale netto driftsutgifter




Eigedomsskatt i % av driftsinntekter



Diagrammet ovanfor syner fordelinga av driftsutgifter på ulike tenester. Administrasjonsdelen i Radøy i 2016 er høgare enn tidlegare år. Dette skuldast i hovudsak at ein større del av fellesutgifter til IKT, datalisensar og leiaropp-læring er bokført som administrasjon, og ikkje fordelt på andre funksjonar. Diagrammet til venstre syner utviklinga av eigedomsskatten i høve til driftsinntektene. Grunnlaget for eigedomsskatten vert fastsett for 10 år om gongen. Med uendra sats vil eigedomsskatten utgjera ein stadig mindre del av dei samla inntektene. Dette skuldast at andre inntekter i hovudsak vert prisregulerte. Radøy har ein viss auke i 2016, som skriv seg frå den nye 420 kV kraftlina Mongstad - Kollsnes.

Sjukefråvær



Diagrammet til venstre syner utviklinga av sjukefråværet frå 2012 til 2016, fordelt kvartalsvis, og som ein samla årsverdi (heiltrekt line). Sjukefråværet i 2016 har gått noko ned i dei fleste kvartal samanlina med 2015, og det samla fråværet i 2016 ligg under gjennomsnittet av dei siste ti åra.

Balanse	2016	2015
Eigendelar		
<i>Anleggsmidler</i>		
Pensjonsmidlar	416 343	413 307
Aksjar og andelar	99 887	98 684
Utlån	24 375	30 521
Utstyr, maskiner og transportmidlar.	16 787	13 961
Faste eigedomar og anlegg	367 938	368 728
Sum anleggsmidler	925 330	925 201
<i>Omløpsmidlar</i>		
Kasse og bank	70 162	59 250
Kortsiktige fordringar	33 145	30 783
Premieavvik	23 679	25 046
Sum omløpsmidlar	126 986	115 079
Sum eigendelar	1 052 316	1 040 280
Gjeld og eigenkapital		
<i>Eigenkapital</i>		
Bundne driftsfond	(20 440)	(17 923)
Ubundne investeringsfond	(5 095)	(5 095)
Bundne investeringsfond	(4 286)	(2 059)
Disposisjonsfond	(4 304)	(1 096)
Endring i rekneskapsprinsipp	527	527
Rekneskapsm. meirforbruk	-	-
Rekneskapsm. mindreforbruk	(13 173)	(3 256)
Udekkja i investeringsrekneskapsen	-	-
Kapitalkonto	(144 527)	(162 062)
Sum eigenkapital	(191 298)	(190 964)
<i>Gjeld</i>		
Pensjonsforplikting	(524 200)	(514 882)
Andre lån	(273 178)	(269 289)
Kortsiktig gjeld	(63 180)	(64 209)
Premieavvik	(459)	(934)
Sum gjeld	(861 017)	(849 314)
Sum gjeld og eigenkapital	(1 052 315)	(1 040 278)
Unyttja lånemidlar	16 573	21 029

Balansen til venstre er ei oppstilling over kommunen sine eigendelar, gjeld og eigenkapital pr 31.12.2016, og tilsvarende tal pr 31.12.2015. Alle tal i denne oppstillinga er i heile tusen.

Sum eigendelar har auka med om lag 12 mill frå 2015 til 2016. Den største auken skriv seg frå pensjonsmidlane, som har auka med om lag 3 mill. Dette er midlar som ligg i KLP og SPK. Bankinnskot og kortsiktige fordringar har auka, medan premieavviket har gått noko ned. Nedgangen skuldast at det i 2016 er kostnadsført 1,2 mill meir i «gamalt» premieavvik enn årets premieavvik.

Omløpsmidlane, dvs. bankinnskot og kortsiktige fordringar har auka om lag 12 mill.


Bundne driftsfond har auka med om lag 2,5 mill. Dette har samanheng med overskot på sjølvkost-område, og mottekne, bundne midlar som først vert nytta seinare år.

Pensjonsforpliktinga har auka med ca 10 mill. samanlikna med 2015. Pensjonsforpliktinga er den samla forpliktinga vi har til å betala pensjon til tidlegare og noverande tilsette i Radøy kommune. Talet vert rekna ut av aktuarar i KLP og SPK. Note 2 i rekneskapsen gir detaljert oversyn over pensjonskostnader m.v.

Andre lån er lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt og Husbanken. Desse har auka med om lag 4 mill frå 2015. Av lånegjelda er om lag 90,7 mill lån med fast rente i 1-3 år. Nærare informasjon om dette går fram av note 16 i rekneskapsdokumentet. Den kortsiktige gjelda er om lag uendra samanlikna med 2015, og består av gjeld til leverandørar og andre kommunar, skuldig skattetrekk, feriepengar og arbeidsgjevaravgift og påkomne kostnader som gjeld 2016, men som først vert betalt i 2017.

I rekneskapsdokumentet for 2016 finst det meir detaljert informasjon om balansen.

Arbeidskapital ex premieavvik i % av netto driftsinntekter



Diagrammet til venstre syner utviklinga i arbeidskapitalen. Arbeidskapitalen syner kommunen sine omløpsmidlar fråtrekt kortsiktig gjeld. Dette gir eit uttrykk for kommunen sin likviditets-situasjon.

Ein del av den kortsiktige gjelda er premieavvik, som kan svinga mykje, og blir handtert ulikt i ulike kommunar. Ved å korrigera for premieavviket, får ein eit betre samanlikningsgrunnlag. Radøy sin arbeidskapital syner god utvikling dei siste åra, om enn frå eit dårleg utgangspunkt i 2014, då arbeidskapitalen var negativ.

Samla sett hadde oppvekstsektoren eit mindreforbruk (overskot) i forhold til budsjett på ca 1,2 mill kr i 2016. Hovudårsakene til det totale mindreforbruket for oppvekstsektoren er høgare inntekter enn budsjettert innafør vaksenopplæringsområdet, og stram økonomistyring av alle einingane gjennom heile året, mellom anna gjennom månadleg økonomirapportering.

Fellestenester oppvekst

På området Fellestenester oppvekst er det eit meirforbruk på ca 1,5 mill kr i høve til budsjett knytta til barnehageborn i andre kommunar. Kostnader knytta til slike tiltak er særskilt vanskeleg å budsjettere, då kommunen har ingen innverknad på kor mange born som går i barnehagar utafor kommunen. Talet på born det gjeld kan variere stort frå år til år. På den andre sida fekk ein ca 1,5 mill kr meir enn budsjettert i tilskot frå staten til vaksenopplæring og norskopplæring til framandspråklege, mellom anna på grunn av oppretting av asylmottak på Radøyutnet.

Ansvarsområdet fellestenester oppvekst inneheld område som:

- Styrkingstiltak/ spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, som ikkje vert belasta den einskilde barnehage, men som vert ført sentralt. Desse kostnadene har auka mykje dei siste par åra, og kan ha sterk samanheng med ekstra fokus på tidleg innsats av språkleg utvikling i barnehagealder, noko som er sterkt vektlagt i La Linea.
- Kostnader til barnehageborn frå Radøy som går i barnehage i andre kommunar.
- Kostnader til elevar frå Radøy som får spesialundervisning i andre kommunar og/eller går på private skular.
- Kostnader knytt til fosterborn frå Radøy som bur og går på skule eller i barnehage i andre kommunar.
- SFO felleskostnader
- Ungdomskoordinator
- Kostnader til kjøp av vaksenopplæring knytt til framandspråklege. For ein del år tilbake hadde vi eige tilbod om norskopplæring til innvandrarar, men vi kjøper no desse tenestene frå Lindås kommune (framandspråkleg ved LOAS). Det er lite truleg at Radøy kommune kunne spart på å ha dette tilbodet sjølv igjen. I tillegg ville kvaliteten

sannsynlegvis vore dårlegare, då Lindås har så mange elevar i desse tiltaka at dei kan tilby nivådifferensiert undervisning i ulike grupper.


Skule

Dei fleste skulane har makta å driva innanfor budsjetttrammene i 2016, og samla sett har skulane gått i balanse. Drifta i skulane er svært nøktern, og det at ein har gått i balanse tyder på god styring av driftsmidlane og sterkt økonomifokus i det daglege arbeidet. Dei seinare åra har det vore lite rom for utskifting og fornying av lærebøker/læremidlar, og vi har etter kvart eit etterslep her som ein på sikt må prøve å finne økonomisk handlingsrom til å løyse. Det same gjeld fornying av inventar, som til dømes stolar og pultar til elevane.


Skulane har i all hovudsak godt utdanna, kompetent og stabilt personale, både på lærar- og assistentsida. Kommunen har skuleåret 2016/2017 tre lærarar som deltek på vidareutdanning i regi av staten si satsing, og der staten dekkjer det aller meste av kostnadene.

I 2016 har implementering av fleire nye datasystem og IKT-baserte verktøygitt skulane særskilde utfordringar i tennesta. Dette gjeld til dømes Visma Flyt, som er nytt skuleadministrativt system for alle kommunane i Nordhordland, og Vokal, som er eit nettbasert verktøy for samanlikning av vurdering og kartlegging i skulen, slik at lærarar lettare kan gje tilpassa undervisning. Utfordringa med slike nye system er at det er tidkrevjande både å setje seg inn i, implementere, og lære seg å bruke.

Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Netto utgifter skulesektor pr innb 6-15 år



Målsetjinga er likevel at dei skal vere nyttige, effektiviserande og kvalitetsutviklande på sikt.

Skulane har i tillegg i 2016 hatt sterkt fokus på revidering og utvikling av internkontrollsystem, til dømes knytt til elevane sitt arbeidsmiljø.

Barnehage

Kostnadene til barnehagar har auka mykje dei siste åra. Dette er ei nasjonalt styrt utvikling, der målet er full barnehagedekning. Radøy kommune har tidlegare hatt lågare dekningsgrad enn mange andre kommunar, og potensialet for auka etterspurnad har såleis vore stort. I praksis har vi måtta auka med fleire avdelingar kvart einaste år for å støtte lovkrava. Likevel har barnehagane samla sett gått i balanse. Realiteten er at drifta i barnehagane er svært nøktern, og at ressurstildelinga for barnehage i 2016 har gått i balanse tyder på god styring av driftsmidlane og økonomifokus i det daglege arbeidet.

Barnehagane har hatt nesten fulle avdelingar gjennom heile året. Ved barnehageopptaket i mars fekk alle som hadde rett til barnehage tilbod om plass. I tillegg har ein kunne gitt tilbod til ein del andre, også i løpet av året. Barnehagane våre får jamt over gode tilbakemeldingar frå brukarane, som oppfattar tenestekvaliteten som god. Felles for alle barnehagane er at dei påpeiker til dels høgt sjukefråvær og liten tilgang på vikarar som særskilde utfordringar i tenesta. Dette

er og ei direkte årsak til at det ofte vert vanskeleg for pedagogane å ta ut den ubundne planleggingstida si. Høgt fråvere vil og påverke tenestekvaliteten, då dei som arbeider fast i barnehagen alltid vil vere dei som har størst kompetanse og erfaring til å kunne gje borna det beste tilbodet.

Barnehagane har i 2016 jobba med ulike område for kompetanseutvikling, som til dømes etterutdanning innafor pedagogisk dokumentasjon og kvalitetsutvikling, språkutvikling og språkstimulering, sosial kompetanse/mobbing, samt kursrekkejer i arbeid med born med spesielle behov. I tillegg har ein starta på innføringa og implementeringa av DUÅ (De utrolige årene) i Sæbø barnehage. I løpet av 2017 og 2018 vil ein ha implementert DUÅ i alle barnehagane i Radøy, noko som har vore eit langsiktig mål heilt sidan innføringa av La Linea i 2011. Barnehagane har og tatt i bruk dataprogrammet Vigilo for å betre kommunikasjonen og informasjonsflyten med dei føresette.

Radøy musikk- og kulturskule

Radøy musikk- og kulturskule (RMK) har eit lite budsjett til å nytte til anna enn faste utgifter. Ein har mange lærarar i små stillingar, som er utfordrande i høve til både planprosessen og vidareutvikling av skulen. RMK prøver å få mykje ut av dei mange små stillingane, med eit fleksibelt personale. Små stillingar gjer det vanskelegare med rammeplanutvikling for kulturskulen, som krev mykje tid til felles samarbeid. Heile RMK har i underkant av 3,3 års-

verk. RMK har mange lærarar i deltidsstilling under 40 %, og som arbeider fleire stadar. I 2016 har ein drive RMK med eit lite overskot. Gjennom redusert tal lærartimar frå og med hausten 2016 har ein klart å halda seg innafor lønsbudsjettet. RMK er eit godt døme på at ein får mykje tilbod og kvalitet ut av lite ressursar.


RMK har gjennom dette året óg bidrege til samfunnsutvikling på ei rekkje område, som til dømes kunstutstilling, huskonsertar, ulike arrangement rundt om i kommunen, foreldrekonserter og skulekonserter. Administrativt har det nye IKT-systemet Speedadmin bidrege til å lette kommunikasjonen mellom RMK, foreldre og elevar.

PPT

PPT har som tidlegare tre tilsette, og har eit lite budsjett til anna enn faste lønnsutgifter. I 2016 hadde PPT eit mindreforbruk på om lag 200 000 kr. Overskotet skuldast at ein har hatt ei stilling som har stått delvis vakant gjennom året. Dette har vore ei stor utfordring for både oppvekstsektoren og PPT. PPT har gjennom delar av 2016 vore utan psykolog, og dette har ført til lengre sakshandsamings- og utgreiingstid enn ynskjeleg, i tillegg til at ein har mangla denne spisskompetansen i perioden.

Hovudsatsingsområda for PPT er å følgje opp individualsaker med kartlegging, vurdering og rettleiing. I tillegg har ein fokus på systemretta arbeid som er i gang i skule og barnehage, som til dømes: språkopplæring og lese- og skriveutvikling og «Tett På»-prosjektet med Statped Vest på Sæbø skule. Ein har i tillegg tatt opp igjen arbeidet med å implementere «De utrolige årene» i barnehagane, noko som har vore ynskjeleg i fleire år.

Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år



Samla sett har helse- og omsorg eit mindreforbruk (overskot) i forhold til budsjett på ca 2,5 mill i 2016.

NAV. I 2016 var det tilsett fire medarbeidarar på kommunal side. Det er to tilsette som i hovudsak jobbar med økonomisk sosialhjelp og to med flyktningar. Vidare yter NAV tenester overfor rusmismiddelavhengige, bustadsosialt arbeid, samt formidling av husbankmidlar til utbetringsslån/tilskot og etableringstilskot.

NAV Radøy har hatt ein liten auke i talet på brukarar. I 2016 var det 191 personar som fekk økonomisk sosialhjelp mot 182 personar i 2015. Dette er høge tal sett opp mot landssnittet.

Arbeidsmarknaden i Nordhordland har vore vanskeleg i 2016, og vi har opplevd auka utgifter til økonomisk sosialhjelp som følgje av dette. Vidare har det vore fleire store og krevjande gjeldssaker som kontoret har jobba med.

Radøy tok i mot 21 flyktningar i 2016, i tillegg til ei familiegjenforening. Pr 31.12.2016 var det 36 flyktningar i Radøy kommune som var inne i introduksjonsprogrammet.

NAV Radøy har gjort ei brukarundersøking hausten 2016. Tenestemottakarane skårar tenestene bra på alle felt i høve til å møte brukarar med respekt og at brukarane får sitt hjelpebehov dekt.

Barnevernstenesta har hatt eit travelt år med dobbelt så mange meldingar som året før. Det er ingen endring i organiseringa av tenesta, den består av leiar, fire sakshandsamarar og ein familierettleiar, alle i 100 % stilling. Dette i tillegg til 50 % merkantil stilling.

Frå september 2015 og fram til mai 2016 gjekk kontoret med redusert bemanning på grunn av vakansar. Ny leiar for barnevernstenesta starta 23. mai. Barnevernstenesta leverer fagleg forsvarlege tenester. I 2016 vart det gjennomført revisjon i forhold til barnevernstenesta si oppfølging av fosterheimar. Revisjonen konkluderte i sin rapport med at barnevernstenesta i Radøy har eit system for å følgje opp barn i fosterheim. Systemet dekkjer formelle krav som følgjer av lov og forskrift. Barnevernstenesta si rutinehandbok blir gjennomgått og revidert årleg med alle tilsette. I tillegg blir det fortløpande i løpet av året lagt til rutinar dersom det vert vurdert som hensiktsmessig.

Psykisk helseteneste har 4,6 årsverk. Tenesteområdet har ansvar for psykisk helseteneste til heimebuande, støttekontakt, privat avlastingsheim, koordinerande eining, psykososialt kriseteam og kommunepsykolog for barn og unge.

I februar vart dagtilbodet «Aktiv Saman» starta opp. Dette er eit effektivt og godt lågterskel aktivitetstilbod med fokus på helsefremjande arbeid. Tilbodet vart starta utan friske midlar, gjennom ei planlagd omdisponering av eksisterande ressursar.

Mot slutten av året vart det tatt ei endeleg avgjerd om at rusomsorga vert lagt innunder Psykisk helse frå 2017. Ei toårig prosjektstilling vart utarbeidd, delfinansiert med tilskotsmidlar frå Helseledningsdirektoratet. Kommunepsykologstillinga vart omgjort frå prosjektstilling til fast stilling hausten 2016, også denne delfinansiert av statlege tilskotsmidlar. Tenesteområdet er i løpet av året styrka i form av psykologfagleg kompetanse, nytt aktivitetstilbod og arbeidet med å definere og utvikle rusomsorg er starta.

Radøy interkommunale busenter (RIB) Institusjonen vert driven etter vertskommunemodellen, og har totalt 9 plassar. I 2016 har vi hatt 8 brukarar frå 6 kommunar. Målgruppa er personar med langvarig og alvorleg psykisk sjukdom som er i behov for tett oppfølging. I 2016 var det 3 kommunar som var med i det interkommunale samarbeidet, mens 3 andre kommunar har kjøpt eksterne plassar med eigne avtalar. Psykisk helse vart for fullt implementert i samhandlingsreforma i mars 2016. Innan psykisk helse vert pasient-

løpa styrt frå RIB. RIB har ansvar for å ta imot meldingane frå spesialisthelsetenesta og gjere vurderingar i høve omsorgstilbod i nært samarbeid med tenesteområde Psykisk helse. Årleg møte med verneombod er utført. Større brannøving i lag med barnehagen og andre på bygget blei gjennomført i september 2016. Ny samarbeidsavtale med Vik, Bergen og Radøy blei godkjent i starten av 2016.


Det har vore satsa på kompetanseheving i personalgruppa, Ein tilsett (leiar) starta på vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie hausten 2016. Det var svært lågt sjukefråværet på RIB i 2016.

Helsehuset vil levere gode og forsvarlege helsetenester til innbyggjarane i Radøy, som følgjer fastlagte retningslinjer og tenesteavtaler. Det er fokus på både førebygging og behandling. Det har blitt utarbeidd ROS-analyse for Helsehuset. Kvalitetskontroll og internkontroll er oppdatert og lagra tilgjengeleg for alle tilsette. Det har vore gjennomført kompetansehevannde tiltak for dei tilsette.

Legetenesta i Radøy har fire fastlegeheimlar og to turnuslegar knytt til Radøy legesenter. Legesenteret dekker daglegevakt i Radøy på kvardagar. På kveld og helg deltek Radøy i interkommunalt legevaksamarbeid ved Nordhordland legevakt. Tre fastlegar er spesialist i allmenntillegmedisin, ein er i spesialisering. Det er ledige plassar på fastlegelistene.

I 2016 opna Radøytunet asylmottak. Det vart organisert eit legekontor, med kommuneoverlegen som fast lege ein dag i veka på mottaket. Helseperso-

Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester



nell frå alle avdelingar i Helsehuset har vore både på einiskildkonsultasjonar og gruppeundervisning i høve helseutfordringar, og førebyggjande helsearbeid og smittevern. Asylmottaket vart nedlagt januar 2017. Kommunen har fått auke i busette asylsøkjjarar som treng helsetenester, og bruken av tolk har auka.

Helsestasjon og jordmorteneste består av tre helsesøstre i totalt 2,7 stilling og helsestasjonslege i 20% stilling. Helsesøstrene jobbar i hovudsak med rettleiing, småbarnskontroll, skulehelseteneste, ungdomshelseteneste, heimebesøk til nyfødde og vaksinerings. Helsestasjonen er ein ammekyndig helsestasjon.

Jordmor (30% stilling) tar hand om svangerskapsomsorg og barse-lomsorg. I 2016 var det ca. 60 fødsalar. Det medfører at målet om å få heimebesøk av jordmor etter fødsel ikkje alltid blir nådd, men helsesøstrene og jordmor deler på dette, for å gje best mogleg tilbod i barseltida.

Fysioterapi består av 2,7 stilling som kommunefysioterapeut, turnusfysioterapeut og 20% sekretær. 70% av ressursen innan fysioterapi er tilknytt bebuarane på Velferdssenteret og til hjelpemiddelutlevering. I tillegg til fysikalsk tilbod til funksjonshemma, born og polikliniske pasientar har vi tilbod om KOLS- og balansegrupper. Desse gruppene vert gjennomført 2 gonger i året, og har vore eit vellukka tilbod.

Ved **Velferdssenteret** har det vore jobba med å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget i personalgruppa. For å sikre gode pasientforløp, har det vore

jobba målretta for å optimalisere samhandlinga med sjukehusa og heimetenesta. Kvar veke vert det gjennomført internundervisning på Velferdssenteret, med fokus på pasientsikkerheit. Tilsette deltek i nettverk innanfor fagområda palliasjon og demens. God sjukepleiardekning og eigen sjukeheimslege fører med seg god kontinuitet i tenestetilbodet.

Tenesteområdet rommar ulike vurderingsopphald, i tillegg til langtidopphald. Det vert tilbydd avlastningsopphald for pasientar der pårørende vert vurdert til å ha eit særst tyngande omsorgsansvar i heimen.

I 2016 har det vore ledig kapasitet, det vil seie ledige pasientsenger. Likevel har vi hatt mange pasientar inno som følgje av samhandlingsreforma, like mange som i 2015. Det er framleis behovet hjå kvar einiskild søkjar, og ikkje institusjonskapasiteten, som avgjer om søknad om opphald vert innvilga eller ikkje. På grunn av ledig kapasitet gjennom heile året, har Velferdssenteret drifta med fleire ubesette vikariat. Det har blitt nytta lite vikarar ved sjukefråvær. Ressursane har vorte justert etter behov.

Sommaren med ferieavvikling er ei stor utfordring for tenesta. Kvaliteten skal vera like god som elles i året, med halve arbeidsstokken ute i ferie til ei kvar tid. Vikarbyrå har blitt nytta for å sikre fagleg kvalitet, men også byrå har trøbbel med å levera sjukepleiarar til Radøy om sommaren.

Leiar, tillitsvalde, verneombod og tilsette har hatt særskilt fokus på arbeidsmiljøet gjennom året. Sjukefråvær har også i 2016 vore høgt.

OMSUT yter tenester til personar med utviklingshemming og andre personar med omfattande, varig funksjonsnedsetjing. I 2016 har tenesta hatt som mål å bidra til meir aktivitet og betre fysisk helse for tenestemottakarane. Tiltak som er gjennomførte er kurs og aktivitetar for ei gruppe personar, vektlegging av fysisk aktivitet som ein del av dagtilbodet og deltaking på ulike eksterne aktivitetstiltak. Arbeidet vert vidareført i 2017.

Tenesta har ein funksjonell struktur etter at ein omorganiserte og delte opp leiarområde ved tre av bustadgruppene i 2016, og samarbeidet er godt mellom dei ulike tenesteområda. Tenesta har ein god personalsituasjon med stort sett alle stillingar med ulike fagnivå på plass. Fleire tilsette utan helsefagutdanning er i gang med slik utdanning. I tillegg er ein tilsett i gang med vidareutdanning. To tilsette er i gang med vernepleiarutdanning. OMSUT ynskjer å vere i utvikling med tanke på kompetanse og framtidretta tenester. I 2016 har ein hatt fokus på avlastingstilbodet og trygg tenesteutøving. Kurs i kommunikasjonsmetoden Dialog er også gjennomført.


Målsetnad for **heimetenesta** er å yte helse- og omsorgstenester tenester på høgast mogleg nivå, ut frå gitte føresetnadar og i tråd med gjeldande lovverk. Tal tenestemottakarar har vore stabil dei seinare åra. Heimetenesta er ein effektiv organisasjon med dyktige medarbeidarar, noko som bidreg til at vi klarer å yte gode tenester.

Heimetenesta flytta inn i nye og utvida kontorlokale januar 2016, det gir meir effektivitet i tidsbruken.

I 2016 har tenesta hatt fokus på demensomsorg og vidareutvikling av dagtilbodet. Fysisk og psykisk aktivitet, eit inkluderande fellesskap og ernæring er område det har blitt jobba med. To tilsette har tatt vidareutdanning innan omsorgsteknologi. Kompetanseheving er eit prioritert område i tenesteområdet.

Rekruttering av fagpersonell til vikariat og ved sjukefråvære er ei utfordring, spesielt på kveld, helg og ved ferieavvikling. Periodar med høgt fråvær gir store driftsmessige utfordringar, noko som krev hard prioritering av arbeidsoppgåver.

Tal mottakarar av sosialhjelp med stønad ut over 6 mnd



Samla sett leverte drift og forvaltning tenester i tråd med budsjettet i 2016. Rekneskapen viser eit meirforbruk for sektoren på i underkant av kr 200 000, som m.a. skuldast høgare kostnader til vintervedlikehald på veg og lågare inntekter enn budsjettet innanfor sjølvkosttenestene.

På VA-området er det gjort eit stort arbeid med å kartlegge leidningsnett og legge dette inn i digitalt kart. Også arbeidet med nye kommunedelplanar for vassforsyning og avløp har vore prioriterte oppgåver hos **Teknisk drift** siste året. Kommunedelplanane vart lagt ut på høyring hausten 2016. Om lag halvvegs i året mottok kommunen i overkant av kr 700 000 i statlege tiltaksmidlar, og desse vart i all hovudsak nytta til å få malt og oppgradert kommunale bygg og uteområde.

Reinholdstenesta har vore gjennom ei stor omlegging til reinhald på dagtid. Omlegginga har hatt ein positiv effekt både på kvalitet, trivsel og sjukefråvær, og reinholdstenesta var stolte mottakarar av Arbeidsmiljøprisen 2016. Reinholdstenesta har gjennom systematisk arbeid med arbeidsmiljø og førebyggjande tiltak som opplæring og fysisk tilrettelegging, redusert sjukefråværet frå om lag 15 % i 2014 til 8 % i 2016.



Stolte vinnarar av arbeidsmiljøprisen 2016

Det er gjennomført brukarundersøking på byggesak i 2016 som viser god kvalitet i tenestene. 60 % av dei spurte oppgir å ha eit godt eller svært godt totalinntrykk av byggesakshandsaminga i kommunen, og undersøkinga har gitt **Teknisk forvaltning** eit godt grunnlag for å vidareutvikle tenesta. Byggesaker og oppmålingssaker er

handsama innan fristen i 2016, og næringsbygg og nye bustader har vore prioritert. Det har vore vakanse på plan og oppmåling store delar av året. Ny planrådgjevar starta 1. mai, men den totale ressursituasjonen har dessverre påverka framdrifta på kommunalt planarbeid, og også medført at tilsynsaktivitet og oppfølging av ulovlege tiltak ikkje vart utført i det omfang som intensjonen var.

Radøy brannvern, som består av om lag 20 mann i deltidstillingar og ein feiar under leiing av brannsjef i 25 % stilling, gjer ein framifrå innsats, men slit med typiske utfordringar som mange andre mindre brannvern i distrikta: t.d. tilgang på brannmannskap på dagtid, øvingsfasilitetar og å oppfylle kompetansekrav hos brannmannskap. Både regionalt og lokalt har det i 2016 vore arbeid med ulike organisatoriske løysingar og samarbeid innanfor brann- og redningsområdet. «Brannsamarbeid i Bergensregionen» i regi av Bergensalliansen er eit regionalt prosjekt, samstundes som det har pågått utgreiingsarbeid lokalt, for å sjå på mulighetene for utvida interkommunalt samarbeid/samanslåing innanfor brann- og redningstenesta. Radøy brannvern fekk ny brannbil på nyåret, og det er gjort eit løft i utskif-

tinga av personleg verneutstyr. Likevel hadde Radøy kommune i 2016 lågare netto driftsutgifter pr

innbyggjar til brann- og ulykkesberedskap enn både kommunegruppa og landsgjennomsnittet elles.

På **Kultur og sørvistorget** (KST) vart det i 2016 gjort eit stort arbeid med å redusere etterslepet på det historiske arkivet. Arkivmaterialet frå 1965-1991 vart systematisert og avlevert til Inter-

kommunalt arkiv Hordaland (IKAH). Avlevering av arkivmateriale er viktig både for å sikre det historiske materialet, og for å frigjere plass. Samstundes starta KST førebuingane til digitalisering av byggesaksarkivet, som på sikt vil vere av stor verdi både med omsyn til å ta vare på dokumenta, men også med omsyn til tilgang og effektivisering av arbeidsprosessar.

Våren 2016 vart *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø (2016-2026)* vedteken. Reviderte retningslinjer for kulturmidlar vart vedteke hausten 2016 og tildeling av kulturmidlar vart gjort etter desse retningslinjene. Arbeidet med kulturminneplan er godt i gang og skal fullførast i 2017. Kulturdagane vart gjennomført med godt besøk fordelt på omkring 50 arrangement. I tillegg bidrog KST med tilrettelegginga av allsidige aktivitetstilbod for barn og unge, både i sommarferien og i haustferien.

For **Løn- og rekneskapsenteret** har førebuing til samanslåing av løn- og rekneskapskontor for Meland, Lindås og Radøy vore ei hovudoppgåve ved sida av den ordinære drifta. Løn- og rekneskapsenteret yter god støtte og rådgeving, både internt i kommunen og til innbyggjarar og andre som har behov for det. Det er tilført 0,5 årsverk for å førebu samanslåinga i prosjektperioden. Prosjektarbeidet består i å implementere nye VISMA-modular i kommunen, samt å kartlegge arbeidsprosessar og beste praksis på området, saman med dei andre kommunane.

Det går heile tida føre seg ei oppgradering av dei digitale bibliotektenestene. For Radøy sin del er førebuing av automatiserte utlån og meirope bibliotek framleis berre i startgropa, då lokaliseringa av eit nytt **Radøy bibliotek** enno ikkje er avklart. Spesielt i siste halvdel av 2016 har det vore arbeid med å finne gode løysingar for etablering av eit bibliotek meir sentralt i Manger sentrum.

2016 var eit år med stor sosial aktivitet i biblioteket. Dette trass u at planlagde tiltak for flyktingar og asylsøkjjarar ikkje vart gjennomført, fordi det viste seg at asylmottaket på Vågenes ikkje vart av ein meir permanent karakter. Det vart gjennomført 14 ulike arrangement både for barn, ungdom og

vaksne, nokre av desse som del av prosjekt Arenautvikling, finansiert av Nasjonalbiblioteket, andre i samarbeid med lokale lag og organisasjonar.

Frivilligsentralen leverte også i 2016 eit viktig bidrag til Radøy-samfunnet gjennom middagskøyringsordninga, og sosiale aktivitetar på dagtid for eldre i kommunen. Regelmessige arrangement både på Velferdssenteret og i Frivilligsentralen samlar eldre og gir eit aktivitetstilbod til denne målgruppa, samstundes som frivillige køyrer middag til eldre i heile kommunen.

Arbeidet med kyrkja vart avslutta i 2016, og Manger kyrkje er no tatt i bruk igjen til glede for kyrkjegjengane og øvrige i Radøy kommune.



Frå arbeidet med kulturminnekartlegging på Bø


Felles landbrukskontor har i 2016 disponert til saman 2 årsverk fordelt på skog/vilt/miljø/landbruksvegar, tilskotsforvaltning og landbrukssjef (lovsaker, næringsutvikling, leiting m.m.) Landbrukskontoret leigar inn landbrukssjef i halv stilling frå Lindås. Dette har medført noko mindre kapasitet enn tidlegare.

Det er stor aktivitet innan landbruket i Radøy kommune. Det er mange og aukande henvendingar til landbrukskontoret. Det gjeld behov for rettleiing, hjelp med søknader, synfaringar knytta til eventuelle søknader, diskusjonspart ved investeringar, generasjonsskifte m.m. Landbrukskontoret har i 2016 hatt fokus på styrking av det faglege og sosiale miljøet for unge mjølkeprodusentar. Det er bra med muligheiter for både fagleg og sosialt påfyll innan landbruket i Radøy.


Det har i 2016 vore jobba med å styrka den konstruktive dialogen mellom Landbrukskontoret og bøndene. Det er prioritert å setje av tid til å reise ut til dei som ynskjer vi kjem på besøk framfor å treffast på kontoret, dersom det er føremålstenleg.

Eit Inn på TUNET-nettverk for heile Nordhordland er etablert, der både potensielle tilbydarar og kjøparar av tenesta vert invitert. Det har vore god respons. Landbrukskontoret har utfordring knytt til kapasiteten på miljøsakene. Dei er tidkrevjande og ofte med begrensa effekt. Det har derfor vore naudsynt å prioritere akutte saker.

Netto kostnader til brannvern pr innb.



Netto driftsutgifter til plan, kart og bygg pr innbyggjar



Investeringsrekneskapan for 2016 syner samla investeringsinntekter på ca 3,6 mill. Det er ikkje selt eigedom eller driftsmidlar i 2016.

Andre salsinntekter er sal av bygdebøker. Her skal inntekta førast i investeringsrekneskapan, i og med at kostnadene tidlegare år har vore ført der. Motteken kompensasjon for meirverdiavgift knytt til investeringar vert ført som inntekt i investeringsrekneskapan, og skal nyttast til finansiering av alle investeringar.

Sum utgifter er først og fremst kostnader til kjøp av varer og tenester knytt til investeringsprosjekta.

Overføringar er meirverdiavgift, overføring til kyrkja og kostnader i samband med sal av eigedom.

Avdragsutgifter er betalte avdrag på lån Radøy kommune har teke opp i Husbanken for vidare utlån.

Av utlån, kjøp av aksjar m.v. utgjør startlån 1,1 mill. Etterspurnaden etter startlån har vore monaleg lågare i 2016 enn tidlegare år. Dette skuldast dels ny forskrift for startlån som vart sett i verk 1.4.2014, men også generell innstramning hos bankane, slik at også startlån vert rekna som lånefinansiering. Kravet til 15% eigenkapital kan såleis i mindre grad dekkast ved startlån.

Det er i 2016 betalt inn kr 100.000 som aksjekapital i Bergen Havn AS. Eigenkapitalinnskot i KLP utgjør kr 1.102.158. Dette er innskot vi må gjera for å halda tilstrekkeleg eigenkapitalgrad hjå pensjonsleverandøren KLP.

Fondsavsetjingar er knytt til motteke ekstra avdrag og innløyseringar av startlån.

Samla kostnader som må finansierast er 29,5 mill, 6,6 av desse vert finansiert gjennom innbetalte avdrag på startlån. Resten må finansierast ved bruk lånemidlar, anten unytta lånemidlar frå tidlegare år, eller nye lån. Det er i 2016 teke opp eitt nytt lån i KLP Kommunekreditt på 16,7 mill. Det vart også teke opp nytt lån i Husbanken til vidare utlån. Dette lånet vart betalt attende, då kommunen mottok heile 4,2 mill i ekstraordinært innløyste startlån i 2016, som kan lånast ut seinare år. Låneopptak er i samsvar med vedtekte budsjett, og er tekne opp med flytande rente.

Investeringsrekneskapan	2016	B 2016	2015
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-		(4 200)
Andre salsinntekter	(49)		(81)
Overføringar med krav til motyting	(753)	(1 000)	
Kompensasjon for mva	(2 846)	(3 604)	(2 035)
Andre overføringar			
Utbytte, eigaruttak			
Sum investeringsinntekter	(3 648)	(4 604)	(6 316)
Lønsutgifter			
Sosiale utgifter			
Kjøp som inng. i komm. prod.	13 995	22 427	16 542
Kjøp som erstattar eigen prod.			
Overføringar	8 622	7 994	2 666
Renteutgifter m.v.			
Sum utgifter	22 617	30 421	19 208
Avdragsutgifter	6 295	3 471	3 154
Utlån, kjøp av aksjar mv	2 353	3 850	3 375
Dekking av udekk frå tidl år			1 020
Fondsavsetningar	2 227		2 355
Sum finanstransaksjonar	10 875	7 321	9 904
Sum trong for finansiering	29 844	33 138	22 796
Bruk av lån	(23 156)	(28 817)	(17 216)
Mottekne avdrag	(6 688)	(3 471)	(5 285)
Overført frå driftsrekneskap			
Bruk av fond		(850)	(295)
Sum finansiering	(29 844)	(33 138)	(22 796)
Udekk i investering	-		-

(tal i heile tusen)


Unytta lånemidlane utgjør kr 16.572.637 ved utgangen av 2016. Desse midlane er føresett nytta til investeringar i 2017.

2016	7,36
2015	5,76
2014	5,77
2013	11,66
2012	9,07

Samla sett er investeringsnivået rimeleg lågt, og brutto investering utgjør 7,36% av samla driftsinntekter. Brutto investering i % av driftsinntektene har vore slik dei seinare åra:

Det finst ikkje noko godt måltal her, men samanlikna med mange andre kommunar ligg Radøy rimeleg greitt til. Diagrammet nedanfor syner likevel

Lånefinansieringsgrad



at ein høg del av investeringane vert finansiert ved lån, og vi nærmar oss no 100% lånefinansiering. Dette er ein konsekvens av at kommunen ikkje har nemnande anleggsmidlar å selja, og heller ikkje har fondsmidlar som kan nyttast til investeringar.

For fullstendig oversyn over investeringsprosjekt gjennomført i 2016, vert det vist til rekneskapskjema 2 B på side 7 i rekneskapsdokumentet for 2016.

I investeringsrekneskapan vert alle kostnader knytt til ordinær drift, utanom VA-området, ført med meirverdiavgift. Kompensasjon for meirverdiavgift vert ført som inntekt i investeringsrekneskapan. På VA-området vert berre kostnad utan mva belasta investeringsrekneskapan. Tilskot mv. er bokført som inntekt, og påverkar såleis ikkje bokført kostnad.

Prosjekt 1280001 **Utskifting av bilar** er budsjettert med kr 500 000, og det er kjøpt inn ein bil til OMSUT, og ein el-bil til bruk for tenestene ved rådhuset, med samla bokført kostnad på kr 515 064.

Prosjekt 1530014 **Radøyhallen** oppgradering fasade, 1530015 lager og 1530016 lys uteområdet må sjåast i samheng. Den totale budsjettamma for desse tre prosjekta var kr 800 000, og det er i 2016 rekneskapsført kr 859 419. Inngangspartiet på Radøyhallen er oppgradert, belysninga på uteområdet ved Radøyhallen og ungdomsskulen er betra og det er etablert betre lagerplass for utstyr i hallen.

Prosjekt 1583001 **investering kyrkjer** er opprinneleg budsjettert med kr 7 500 000, men opprettinga av kyrkja viste seg å bli mindre kostnads-krevjande enn først antatt. Vidare var det i totalramma også teke med meirverdiavgift, men kyrkja krev sjølv mva-kompensasjon. Radøy kommune har såleis overført summar utan mva til kyrkja.

Prosjekt 1920001 **mindre investeringar** er ein post rådmannen har fått fullmakt til å disponera, jf vedteke budsjett for 2016. I rekneskapan er dette prosjektet delt i fleire «underprosjekt». I regulert budsjett var det sett av 1,7 mill på denne posten. Fordelinga på prosjekta ser slik ut:

Radøyhallen, rest finansiering	59.419
IKT utstyr Radøy ungdomsskule	215.073
Trådlaust nett Velferdssenteret	281.565
Reinholdsmaskiner	150.245
Varmepumpe Sæbø skule	302.813
Uteområde Sæbø skule	225.159
Heimetenesta	159.292
Fasade teknisk stasjon	41.822
Trafikksikringstiltak, inkl veglyst Bø	234.256
Brannvernustyr	32.752
Samla mindre investeringar	1.702.396

Anbudsprosessen for prosjekt 2130005 **Manger skule oppgradering gar-derobar** vart forseinka, slik at større delar av ferdigstillinga vart overført til 2017. Prosjektet vert følgt opp av byggenemnda.

Prosjekt 2140002 **Uteområde Sæbø skule** har rekneskapsførte kostnader på kr 725 159, medan det i budsjettet var sett av kr 500 000. Utvida kostnadsramme var avklart med rådmannen i forkant, og midlane er nytta til å etablere ny balløkke og klatrestativ på uteområdet ved skulen.

Det er kjøpt inn **elektroniske tavler** til bruk ved Radøy ungdomsskule og kostnadene vart knappe 7% høgare enn kostnadsramma på kr 300 000.

Prosjekt 2712006 **Bø barnehage** nybygg kostnadsført kr 708 307, men budsjettert med 1 500 000. Her er det arbeid med prosjektering, og det har i 2016 kome på lågare kostnader enn føresett. Det har teke tid å «landa» prosessen kring Bø barnehage, og det var difor vanskeleg å budsjettera rett for 2016.

På Velferdssenteret er det utført noko oppgraderingsarbeid i 2016. Kostnaden er dekkja over løyvinga til brann-tekniske investeringar.

Heimetenesta har kjøpt inn inventar til ny kontordel. Dette var ikkje teke med i budsjettet for utvidinga av heimetenesta sine lokale, som vart gjennomført i 2015. Kostnaden er dekkja av mindre investeringar.

Uteområdet ved Prestmarka (prosjekt 2713004) er drenert og tilrettelagt i tråd med ønskje frå barnehagen, og kostnaden er innafor budsjettamma på kr 150 000.

Prosjekt 4800103 **Turveg Manger** har ein lågare kostnad enn budsjettamma på kr 2 000 000. Det skuldast at prosjektet på bakgrunn av pårekna totalkostnad vart delt i fleire

byggetrinn. Byggetrinn 1 vart lyst ut og gjennomført til ein lågare kostnad enn forventa. Arbeidet med å førebu trinn 2 er godt i gang.

Fasaden på teknisk stasjon fekk seg eit ansiktsløft i 2016. Kostnaden vart høgare enn budsjettert, noko som m.a. skuldast at ein undervegs i arbeidet oppdaga at det var behov for asbestsanning, som måtte utførast av spesialistar. Meirkostnad er dekkja av mindre investeringar.

Når det gjeld prosjekt 6120002 **reinholdsmaskiner** er det rekneskapsført kr 250 245, medan det er budsjettert kr 100 000. Dette meirforbruket var avklart i forkant, og avtalt dekkja over posten mindre investeringar. Investering i reinholdsmaskiner og utstyr har hatt ein god effekt både på kvaliteten, samstundes som reinhold har ei svært positiv utvikling i sjukefråværet.

Det er rekneskapsført lågare kostnader enn budsjettert på prosjekt 6190001 **branntekniske investeringar**. M.a. på bakgrunn av BKKs tilsyn med el-tryggleiken i dei kommunale bygga, er det gjennomført fortløpande oppgraderingar og utbetringar basert på avvismeldingane. Ein del av desse kostnadene er overført til driftsrekneskapan fordi dei isolert sett vert for små til å førast som investering.

Prosjekt 6210008 **Manger-Øvre Manger utskifting** gjeld utskifting av vassleidning. Rekneskapan for 2016 viser eit vesentleg avvik i forhold til budsjett, men dette skuldast at arbeidet av ulike årsaker tok lengre tid enn føresett, og vart fullført først på nyåret 2017. Mykje av kostnadene vert derfor

ført i rekneskapen for 2017.

På prosjekt 6210009 **vassverk oppgradering og utbetring** er det m.a. lagt ny vassleidning i Hellaosen/Toskasundet og Litlavatnet.

Når det gjeld prosjekt 6310007 **avløp fornying** og utbetring er det gjort naudsynt arbeid med avløpsnett på Bø. Rekneskapen viser eit mindreforbruk i høve til budsjetttramma på kr 500 t000, men dette skuldast m.a at mesteparten av arbeidet er utført av tilsette ved Teknisk drift utan at kostnadene med dette er ført i investeringsrekneskapen.


Prosjekt 6510002 **brannvernustyr** har eit mindre meirforbruk i høve til budsjett på vel kr 30 000, og dette var avklart med rådmann og dekket av posten mindre investeringar.

Det vart lagt **asfalt** for kr 2 mill. i Radøy i 2016, og asfalteringa vart i det vesentlege gjennomført i tråd med budsjetttramma.

Prosjekt 6730001 **oppgradering av Straume kai** viser eit meirforbruk i høve til budsjett. Oppgraderinga vart gjort som eit spleiselag mellom grunneigarane på Straume og kommunen. Kailaget har betalt inn kr 200.000 som deira del i prosjektet.

Radøy kommune fekk i 2016 tildelt kr 378.000 i trafikksikringsmidlar til **veglys på Bø**. Bokført kostnad kr 803.675. Vidare har kommunen fått kr 175.000 i tilskot til **fortau Nordbøvegen**. Bokført kostnad kr 183.581. Samla kostnad til veglys og fortau er såleis kr 987.256. Motteke tilskot er samla kr 553.000. Budsjett til trafikksikringsmidlar var kr. 200.000. Resterande kr 234.256 er dekket av posten «mindre investeringar».

Kommunal Rapport sitt kommunebarometer



«Kommunebarometeret» er avisa Kommunal Rapport si «rangering» av kommunane i Noreg etter ulike kriteria, som avisa har bygd opp over fleire år. Tala er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rangeringa syner alle dei 428 kommunane i Noreg, der 1 er den «beste» kommunen. Ein del kommunar meiner at modellen ikkje gir eit rettvisande bilete av tilstanden i den enkelte kommunen.